

## KOMMUNIKASJON SPRÅK OG TEKST

| 1-2 år                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                  | 2-3 år                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                         | 3-6 år                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                 |
|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| <ul style="list-style-type: none"> <li>• Samtala, høgtlesing, songar rim og regler. Bruk av bilet- og peikebøker.</li> <li>• Enkel dramatisering av eventyr med bruk av konkretar.</li> <li>• Tolka barnas kroppsspråk og bruker ord på det ein gjer. Barna får hjelp til å setja ord på kjensler og opplevingar.</li> <li>• Oppleva variert og rikt språk gjennom lek og aktivitetar.</li> <li>• Utvikla evna til å kommunisera i lek og samspel med andre.</li> </ul> | <ul style="list-style-type: none"> <li>• Barna syng songar med fleire vers. Bli kjend med rytmen i språket. Lese lengre bøker.</li> <li>• Barna lyttar til forteljingar og eventyr.</li> <li>• Barna får hjelp til å setja ord på kjensler og handlingar.</li> <li>• Barna gjenkjenner sin eigen bokstav og kan lyden av den.</li> <li>• Barna kan leike rolleleik med fleire barn.</li> </ul> | <ul style="list-style-type: none"> <li>• Spele spel og lesa bøker saman med barna. Barna lager eventyr og forteljingar. Lese bøker utan bilete.</li> <li>• Bokstavar og tal heng synleg og tilgjengeleg på avdelinga.</li> <li>• Oppmoda til utforsking av skrivning og lesing.</li> <li>• Bruka digitale verktøy i lag med barna. la barna bidra til dokumentasjon.</li> <li>• Barna set ord på kjensler og opplevingar. Trene på å hevde sine meiningar, lytta til andre og venta på tur.</li> </ul> |

For barna betyr dette at:

Dei skal få oppleva og erfara eit variert og rikt språk. Dei får oppleva aktiv dialog mellom barn – voksen kor barna er aktive deltakarar i høgtlesinga. Dei skal få delta i samlingsstund kor det vert nytta konkretar, dramatisering, song rim og regler.

Dei skal få oppleva å bli inkludert i godt samspel og samtalar i all samhandling. Dei får erfaring med bokstavlydar og ordlydar.

Det fysiske miljøet er med på å stimulera barnas undring for ord, bokstavar og symbol.